



Kvinnherad Turlag
v/Styreleiar Anne Kari W. Enes
Bogsnes 61
5460 Husnes

Husnes, 15.07.2013

NVE
Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Småkraftutbyggingar i Kvinnherad 2013

HØYRINGSFRÅSEGNER FRÅ KVINNHERAD TURLAG

Vi viser til brev 11. april 2013 frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om 13 småkraftverk i "Folgefonna-pakken". NVE ber her høyringspartane om å vurdera kvar sak for seg, men òg alle sakene samla.

Kvinnherad Turlag er eit lokallag av Den Norske Turistforening og Bergen Turlag og skal arbeide for eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv. Kvinnherad Turlag har både natur- og friluftsinteresser og aktiviteter i området som no er aktuelle for eventuell utbygging. Kvinnherad turlag hadde per des.2012 687 medlemmer.

Kvinnherad turlag meiner at dei mange gjennomførte og planlagde utbyggingane i Kvinnherad kommune og i grannekommunane trugar artsmangfaldet i elvebiotopane og fører til ei forarming av naturopplevinga. Sidan det dei siste tiåra som kjent har vorte produsert så mykje elektrisk kraft her i landet at Noreg har hatt ein netto eksport, er denne øydelegginga av norsk elvenatur vanskeleg å godta. Skadene på mikrolivet i elveløpa vert underkommunisert i dei føreliggjande utbyggingssøknadene. Næringskjeda i elvemiljøet vert skipla, og livet i vassdraga utarma. Ein indikasjon på dette er at biotopen til ein fugl som fossekallen vert truga. Biologar reknar i snitt eit tapt fossefall-par per kilometer småkraftutbygging.

Dei talrike utbyggingssøknadene må ikkje vurderast ein og ein. Samla utgjør dei eit alvorleg trugsmål mot norsk natur, og dei mest skadelege må ikkje gjennomførast.

Utbygginga av Børsdalselva med dambygging, 5m regulering og sprenging/utgraving av nytt elveløp er den verste av dei som er planlagde her i kommunen no. Eikeelva kraftverk vil også gjera stor skade, og forringa turopplevinga langs den mykje brukte stien til Eikedalen, Englafjell og Manen. Og vi spør: Er det verkeleg nok vatn til både

vassverket og det planlagde kraftverket? Vassverket opplever allereie vassmangel frå tid til annan. Vil kravet til minstevassføring verta etterlevd i tørrperiodar? Valen kraftverk vil ved overføring av Sitautevatnet øydeleggja eit større inngrepsfritt område.

Samla fråsegn til utbyggingane Børsdalen, Eikeelva og Valen:

Desse tre planlagde utbyggingane er lokaliserte kring eit større fjellområde mellom Hardangerfjorden, Høylandssundet og Matersfjorden. Dette området framstår i dag som uberørt av tekniske inngrep. Utbygginga av Børsdalen kraftverk skjer seg djupt inn i dette fjellområdet frå nordaust, og Eikeelva kraftverk vil utgjera eit sår i området frå nord/nordvest. Utbygginga av Valen kraftverk vil ved overføringa av Sitautevatnet frå Handelandsvassdraget til Valevassdraget strekkja seg langt inn i det inngrepsfrie området i sør. Denne overføringa åleine medfører ein reduksjon av INON-sone 1 med 47 %. Målt i flatevidd vil utbygging av Børsdalselva og overføringa av Sitautevatnet medføra ein reduksjon av INON-sone på drygt 13 kvadratkilometer. **Dei tre utbyggingane – særleg Børsdalen og Sitaute-overføringa - vil medføra at området ikkje lenger framstår som uberørt, slik det er definert i dag.**

I Fylkesdelplanen for småkraft i Hordaland er det gjort ei vurdering av fjellområda kring Mjelkhaug, Englafjell og Ulvanosa i Kvinnherad, og dei er vurderte å ha “sårbart høgfjell av stor verdi.” (Fylkesmannen 2009). Utsprenging av kanal mellom Sitautevatnet og Småstølvatnet fører til behov for deponering av steinmassar i eit sårbart område. Med bakgrunn i manglande opprydding etter tidlegare utbyggingar i Valevassdraget, t.d. i området Spirdalen, kan ein frykta at utbyggjaren ikkje vil ta dei omsyn som krevst i høgfjellsområdet ved Sitautevatnet.

Det finst i tillegg planar om utbygging i Hellandselva (Onarheimselva) i vest (ved Husnes) og Handelandselva i sør. Tveitelva i Herøysund har også kome på kartet over påtenkte småkraftutbyggingar.

Desse inngrepa i eit tilnærma inngrepsfritt område kjem i tillegg til den store utbygginga med overføring av Eikemoelva til Blådalen, ikkje langt unna. Dette området var lenge inne som ein del av Folgefonna nasjonalpark, men vart altså utbygd, og ein ny reduksjon av område med urørt natur i Kvinnherad kommune var eit faktum.

Dei uberørte områda vert øydelagde bit for bit. No må ein makta å sjå heilskapen, ikkje berre eitt og eitt kraftverk. **Summen av alle utbyggingane øydelegg i løpet av ein generasjon verdfulle område som bør overlatast komande generasjonar i den stand dei har vore i fram til vår tid.**

Konklusjon: Kvinnherad turlag går på dette grunnlaget (sjå ovanfor) sterkt imot utbygginga av Børsdalselva, overføringa av Sitautevatnet (til Valen kraftverk) og utbygging av Eikeelva, slik desse inngrepa er planlagde i søknadspapira frå utbyggjarane.

Dei einskilde utbyggingane:

Tverrelva kraftverk:

Utbyggjaren vil rehabilitera ein gamal demning i utløpet av Mannsvatnet. Denne demningen har ikkje vore effektiv på mange tiår, og spora i form av markerte tappesonar (på bortimot ein meter) langs breidda av vatnet er meir eller mindre borte. Vi meiner det er uheldig og vil

verka skjemmaende viss denne reguleringa vert gjeninnført. Demningen må gjerne rehabiliterast av estetisk omsyn, men vatnet må fritt kunna passera gjennom ein kanal/opning i demningen.

Det er uheldig med endå ein veg i fjellbrynet over Uskedalen. Vi spør oss om utbyggjaren ikkje kan få tilkomst til inntaksdam og borehol på anna vis.

Kravet til minstevassføring må skjerpast.

Eikedalselva kraftverk:

Den mykje brukte, T-merkte stien, til Eikedalen, Manen og Englafjell går langs elva. Sterkt redusert vassføring og bygging av veg og demning vil verka skjemmaende.

Som nemnt ovanfor tek allereie vassverket i Uskedalen vatnet sitt frå Eikeelva. Vi kjenner ikkje til at det er inngått nokon avtale mellom vassverk og småkraftutbyggar om bruk av vatnet i tørrperiodar. Vi meiner det er uholdbart å setja i gang med kraftutbygging før ein slik avtale er inngått og offentleg kjend. Vi fryktar at oppfyljing av kravet til minstevassføring kan setjast i fare utan ein slik avtale.

Børsdalselva kraftverk:

Øvre delar av Børsdalen er lite tilgjengeleg for turgåarar, men dalen er godt synleg frå den T-merkte stien frå Haugland til Ulvanosa, både til Geitadalstinden og Høgetinden. Frå Utåker/Tveitedalen kjem ein T-merkt sti til Fagerskar (i nærleiken av Fagerdalsvatnet). Denne passerer få hundre meter frå Kvanngrovvatnet, og det nye elveløpet som skal sprengjast/gravast ut frå dette vatnet, vil verta godt synleg frå stien som held fram mellom Fagerskar og Englafjell. Her er ein langt inne i eit til no uberørt fjellområde, og inngrepa vil sterkt forringa dette.

Tørrlegginga av fossane frå Kvanngrovvatnet til Børsdalen vil verka svært påfallande for dei som ferdast på T-ruta mellom Uskedalen og Ulvanosa.

Vi fryktar at vegbygging, nedgraving av røyr, ev. utsprenging av tunnel frå utløpet av Fagerdalsvatnet vil gjera skade på naturmiljøet i Børsdalen. Vi fryktar at dei tiltaka som utbyggjaren skisserer for å skåna raudlista/truga plante- og dyreliv, ikkje er tilstrekkelege. Såra etter sjølve dambygginga og medfølgjande regulering vil verta svært skjemmaende i denne villmarka.

Vi rår ikkje til at det vert gjeve løyve til denne utbygginga i Børsdalselva og tilknytta inngrep i Kvanngrovdjörn og Fagerdalsvatnet, då konfliktnivået er høgt med omsyn til landskap, friluftsliv, naturmangfald og reduksjon av inngrepsfrie naturområder. Dei føreslåtte avbøtande tiltaka vil etter vårt syn ikkje redusera terrenginngrepet i tilstrekkeleg grad.

Valen kraftverk:

Kvinnherad turlag rår sterkt imot overføringa av Sitautevatnet med dei grunngevingane som vi har nemnt ovanfor. Inngrepet medfører ein reduksjon av inngrepsfrie naturområder. Inngrepet er i konflikt med målsetjinga etter fylkesdelplanen for småkraftverk.

Når det gjeld utbygginga frå Valedalsdammen og nedover, må det stillast strengare krav til minstevassføring.

For alle prosjekta må ein vurderer den totale strekninga med redusert vassføring i tillegg til planlagt minstevassføring.

Med helsing

Styret i Kvinnherad Turlag

v. styreleiar Anne Kari W. Enes

Dokumentasjon Friluftssinteresser i området:

Prosjektet "Turstiar i Kvinnherad" i samarbeid mellom Kvinnherad Turlag, Kvinnherad Turistinformasjon, folkehelsekoordinator i Kvinnherad og rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne er relevant i denne samanheng som døme på at området i Uskedalen er tilrettelagt for friluftssinteresser for innbyggjarane i kommunen og for tilreisande (<http://tursti.kvinnherad.no/>), prosjektet "Turstiar i Kvinnherad" laga også eit eige planleggingskart for 69 turstiar i Kvinnherad, Boka "Opptur Hordaland" (2007) nemner fleire mykje brukte turstiar i Uskedalen og både Kvinnherad Turlag og Bergen Turlag har fleire aktivitetar og arrangement i området. Fjellpartia er også populære blant klatregupper, td. Bergen klatreklubb og ulike fjellsportgrupper for skigåing om vinteren. I tillegg er det lagt ut "registreringsbøker" ved fleire turmål i området som viser at området er mykje nytta til trim/tur, rekreasjon, fiske. Td. Mjelkhaug, Manen, Englafjell, Geitadalstind, Børsdalen (støl Utåker-sida), Ulvanosa, Svartavatnet m.fl.